



OSTERØY SOKNERÅD

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 23.01.25
Møtestad: Kyrkjesenteret 1.etg. Lonevåg
Møtetid: Kl. 17.00-21.00
Møte nr: 01/2025

Til stades:

Kari V.Reigstad, Anne Cecilie Skeidsvoll, Otto Mo, Kristin Merete Nøttveit, Magne Vikne, Roar Moen, Liv Rivenes, Anne-Mari Bardsley, Atle Hammer, Sigmund Faugstad, Evy Bysheim Pedersen, Astrid Marie Haugland.

Forfall:

Bjarte Aarland, Jan Roald Myking og Miriam Kaland Skjelvik.

SAKSLISTE FELLESRÅDSSAKER:

SIDE:


SAK 01/25: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	2
SAK 02/25: GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 25.11.24	3
SAK 03/25: BUDSJETT FOR 2025	4-5
SAK 04/25: EVALUERING NYTT KYRKJEBLAD	6
SAK 05/25: VAL AV 2 NYE MEDLEMMER TIL STYRET I HAUS KYRKJELYDSHUS	7-9
SAK 06/25: UTLYSNING AV KANTORSTILLINGA	10-13
SAK 07/25: OVNR I HOSANGER KYRKJE	14

SAKSLISTE SOKNERÅDSSAKER:

SAK 01/25: OPPLÆRING FRÅ ANINE I "KYRKJA VÅR": UTSATT	15
SAK 02/25: HAUS KYRKJE SOM "KULTURKYRKJE"	16-17
SAK 03/25: ORIENTERINGSSAKER	18

Lonevåg 30.01.25


Kari V. Reigstad
Nestleiar


Linda G. Lunga
Sekretær



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	01/25
Arkivnummer	414

Godkjenning av innkalling og saksliste

Bakgrunn

Godkjenning av innkalling og saksliste til møte 25.11.24.

Vedtak i Osterøy sokneråd: Godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	02/25
Arkivnummer	414

Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.24

Bakgrunn

Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.24.

Vedtak i Osterøy sokneråd: Godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA ØSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	03/25
Arkivnummer	131

BUDSJETTREVISJON FOR 25 PR. 23.01.25

Osterøy kommune har vedteke at Osterøy sokneråd skal få kr 5.930.000,- i stønad for 2025. Dette er ei auke på kr 235.000,- sidan 2024. I budsjettforslaget var det satt opp kr 6.000.000,-. Budsjettet er no endra saman med Økonomiutvalet og ligg som vedlegg til saka.

Saksbehandling:

For å koma i balanse legg vi inn utgifter på oppdatering av alarmanlegga i Haus og Hosanger frå 2G-4G, som vert fasa ut i 2026, utgifter til el-kontroll utarbeiding i alle kyrkjene og nye brannsløkkarar til alle kyrkjene.

Fleire priser på ny plenklyppar er ønskeleg og det skal leggest fram ønskje om inndekking til denne utgifta hjå Osterøy kommune. Denne saka vert tatt opp igjen på møte i mars.

Vedtak: Budsjett for 2025 er vedtatt.

Driftsbudsjett

Konto	Regnskap jan-aug 2024	Forslag til budsjett 2025	Justert pr. 16.01.25
30100 - Fastlønn (D)	1 648 331,00	2 650 000,00	2 750 000,00
30107 - Variable tillegg (D)	61 036,00	90 000	90 000
30109 - Ferielønn	240 292,00	363 000	390 000
30110 - Fastlønn uten arbeidsgiveravgift	27 869,00	45 000,00	45 000,00
30200 - Vikarer (D)	290 575,00	300 000,00	300 000,00
30400 - Overtid	2 493,00	2 500,00	2 500,00
30601 - Trekkpliktige honorarer(D)	34 000,00	50 000,00	55 000,00
30609 - Trekkpliktige godtgjørelser motpost (D)	7 967,00	-	-10 000,00
30900 - Pensjonsinskudd (D)	307 901,00	500 000,00	500 000,00
30950 - Trekkpliktige forsikringsordninger (D)	7 967,00	10 000,00	10 000,00
30980 - Refusjon av sykepenger	7 014,00	-10000	-10 000,00
30981 - Motkonto Refusjon av sykepenger	7 014,00	10 000,00	10 000,00
30990 - Arbeidsgiveravgift (D)	332 921,00	450 000,00	510 000,00
30991 - Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger (D)	37 811,00	45 000,00	60 000,00
31000 - Kontormateriell (D)	3 750,00	4 000,00	4 000,00
31001 - Abonnementer/faglitteratur	275,00	1 000,00	1 000,00
31002 - Annet materiell (D)	26 166,00	35 000,00	30 000,00
31100 - Aktivitetsrelatert forbruksmaterielt/utstyr/tjeneste	23 539,00	30 000,00	30 000,00
31101 - Noter	45,00	100,00	100,00
31102 - Bibler og salmebøker	15 160,00	25 000,00	30 000,00
31104 - Arrangementsutgifter	793,00	20 000,00	5 000,00
31200 - Annet forbruksmaterielt (D)	8 890,00	12 000,00	12 000,00
31201 - Renholdsmidler (D)	2 641,00	5 000,00	2 500,00
31202 - Innkjøp til gravstell	1 023,00	2 000,00	2 000,00
31203 - Blomster og lys (D)	14 488,00	20 000,00	20 000,00
31204 - Vin og oblater (D)	9 944,00	15 000,00	10 000,00
31206 - Beverting/matvarer (D)	18 917,00	25 000,00	25 000,00
31207 - Beverting/mat ansatte/frivillige/råd	8 316,00	25 000,00	25 000,00
31209 - Andre utgifter	1 250,00	2 000,00	10 000,00
31210 - Gaver (ikke tilskudd)	1 696,00	3 000,00	5 000,00
31212 - Arbeidsklær/verneutstyr	17 010,00	20 000,00	10 000,00

31213 - Velferdstiltak			
31214 - Trykkerikostnader	5 050,00	20 000,00	2 000,00
31299 - Øredifferanser (D)	20,00	15 000,00	20 000,00
31300 - Post, bank, telefoni og datalinjer (D)	1 039,00	100,00	100,00
31301 - Porto	451,00	2 000,00	2 000,00
31301 - Porto og distribusjon	5 581,00	1 000,00	1 000,00
31302 - Bankgebyr (D)	5 427,00	10 000,00	20 000,00
31303 - Telefon (ikke privatbruk)	5 076,00	10 000,00	10 000,00
31305 - Internett	149,00	10 000,00	7 000,00
31500 - Opplæring, kurs (ikke oppgavepliktig) (D)	106 713,00	200,00	200,00
31600 - Utgifter og godtgj.for reiser, diett, bil (D)	444,00	150 000,00	60 000,00
31653 - Kilometergodtgjørelse oppg.pl. (ikke AGA)(D)	40 366,00	20 000,00	1 000,00
31654 - Kilometergodtgjørelse (med AGA)(D)	15 857,00	60 000,00	40 000,00
31670 - Honorar selvstendig næringsdrivende (D)	29 712,00	25 000,00	15 000,00
31701 - Drivstoff (D)	17 232,00	45 000,00	35 000,00
31702 - Drift av transportmidler (D)	43 306,00	26 000,00	26 000,00
31703 - Parkeringsavgifter og bompenger	142,00	60 000,00	60 000,00
31800 - Strøm/Energi	272 370,00	200,00	200,00
31850 - Forsikringer (D)	220 188,00	550 000,00	500 000,00
31851 - Forsikringer ansatte	6 778,00	320 000,00	320 000,00
31900 - Leie av lokaler og grunn (D)	9 600,00	10 000,00	10 000,00
31901 - Husleie	113 529,00	15 000,00	15 000,00
31950 - Avgifter, gebyrer, lisenser (D)	166 930,00	170 000,00	170 000,00
31951 - Kopiering	8 962,00	300 000,00	250 000,00
31952 - Kommunale avgifter (D)	21 629,00	15 000,00	15 000,00
31953 - Kontingenter (D)	6 916,00	30 000,00	30 000,00
31954 - Dataisenser og vedlikeholdsavtaler data	18 276,00	10 000,00	10 000,00
31956 - Renovasjonsavgift og avfallstømming	66 553,00	25 000,00	25 000,00
31957 - Purregebyr/innkrevingsomkostninger inkl. renter	1 699,00	100 000,00	100 000,00
32000 - Inventar og utstyr (D)	4 859,00	2 500,00	2 500,00
32003 - Mobiltelefoner/IKT utstyr	669,00	70 000,00	125 400,00
32004 - Teknisk utstyr (lyd og lys)	72 315,00	25 000,00	25 000,00
32300 - Vedlikehold og byggtjenester (D)	47 128,00	100 000,00	60 000,00
		70 000,00	70 000,00

32352 - Planlagt vedlikehold bygg	32 576,00	100 000,00	120 000,00
32351 - Akutt vedlikehold anlegg	20 000,00	52 000,00	47 000,00
32401 - Vedlikehold orgler/piano/klokker (D)	16 796,00	25 000,00	35 000,00
32500 - Materialer til vedlikehold (D)	2 367,00	20 000,00	5 000,00
32601 - Renholdstjenester	14 500,00	20 000,00	15 000,00
32701 - Honorar til selvstendig næringsdrivende	11 200,00	15 000,00	15 000,00
32702 - Revisjonshonorar	19 000,00	20 000,00	20 000,00
32703 - Ekstern regnskapsføring (D)	212 970,00	34000	300 000,00
32706 - Kjøp av tjenester for gravstell	329 106,00	100 000,00	115 000,00
34290 - Inngående MVA kompensasjon kostnad	200 000,00	450 000,00	453 000,00
34700 - Tilskudd/gaver til andre	115 139,00	0,00	0,00
34650 - Overføring av ofringer/innsamlende midler til andre		150 000,00	190 000,00
36000 - Brukerbetaling ved kirkelige tjenester (D)	-	<u>10000</u>	<u>10 000,00</u>
35900 - Avskrivninger	5 000,00		52 890,00

Sum utgifter

36100 - Betaling fra deltakere (D)	-	15 069,00	-70 000,00	-15 000,00
36102 - Konfirmanbetaling	-	92 800,00	-70 000,00	-150 000,00
36200 - Salg av varer og tjenester, gebyrer utenfor avgiftsc	-	8 000,00	-10 000,00	-10 000,00
36203 - Diverse inntekter (D)	-	16 203,00	-20000	-10 000,00
36206 - Arrangementsinntekter	-	10 109,00	-10000	-10 000,00
36207 - Billettinntekter (D)	-	975,00	-1 000,00	-1 000,00
36218 - Billettinntekter (D)	-	6 100,00	-6 000,00	-6 000,00
36220 - Purregebyr v/innføring (D)	-	382,00	-600,00	-1 500,00
36300 - Husleieinntekter, utleie av lokaler, festeavgift	-	22 100,00	-30 000,00	-40 000,00
36302 - Festeavgift (D)	-	567 700,00	-650 000,00	-500 000,00
36303 - Utleie av kirke (D)	-	19 030,00	-20 000,00	-40 000,00
36304 - Utleie av diverse	-	591,00	-10000	-3 000,00
36305 - Utleie av lokaler (herunder minnesamvær)	-	2 500,00	-10 000,00	-8 000,00
36500 - Salg av varer og tjenester - avgiftspliktig	-	1 600,00	-2 000,00	-10 000,00
36501 - Gravsteilinntekter - avgiftspliktig	-	25 505,00	-35 000,00	-90 000,00
37050 - Refusjoner fra rettssubjektet Den norske kirke (D) -	-	8 978,00	-24 000,00	-68 000,00
Sum utgifter		8 318 600,00		8 329 390,00

37290 - Inngående MVA kompensasjon motpost	-	329 106,00	-450 000,00	-450 000,00
37700 - Refusjon fra andre (D)	-	10 562,00	-10 000,00	-10 000,00
38050 - Trosopplæringsstilskudd fra rDnk	-	438 786,00	-600 000,00	-600 000,00
38301 - Driftstilskudd fra kommunen	-	3 796 661,00	-6 000 000,00	-5 930 000,00
38500 - Tilskudd fra enkeltsokn	-	22 015,00	0,00	0,00
38600 - Innsamlet til egen virksomhet (D)	-	95 157,00	-130000	-110 000,00
38650 - Innsamlede midler/ofringer til andre	-	117 552,00	-150 000,00	-190 000,00
38702- Bladpenger	-	2 198,00	-5000	-10 000,00
39000 - Renteinntekter (D)	-	3 624,00	-5 000,00	-4 000,00
39050 - Utbytte, eieruttak	-	9 441,00	0	-10 000,00
39900- Motpost avskrivninger				-52 890,00
Sum inntekter			-8 318 600,00	-8 329 390,00

Investeringsbudsjett

Konto	Regnskap jan-aug 2024		Budsjett 2025	
Investeringer i anleggsmidler (010-389:429)		40 000,00	160 000	
42001 - Utsmykninger og liturgisk utstyr		40 000,00	50 000,00	
Ledlys i Hamre kyrkje			250 000,00	
45200 - Utlån, kjøp av aksjer og andeler (I)		20 677,00	25 000,00	
Årets finansieringsbehov		60 677,00	485 000,00	
48300 Tilskudd fra kommunen		70 000,00	-410 000	
Bruk av disposisjonsfond		16 667,00	-25 000,00	
49501 - Bruk av bundne driftsfond i investregnskapet	-	53 333,00	-50 000,00	
Bruk av ubundne driftsfond i driftsregnskapet			-25 000,00	
Sum finansiering			-485 000,00	
UDEKET/UDISPONERT	-	60 677,00		



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	04/25
Arkivnummer	441

EVALUERING NYTT KYRKJEBLAD

Det nye styret i kyrkjebladet har jobba jevnt og trutt med den nye organiseringa og utgåva i heile 2024. Først no er det nye org.nr på plass og rekneskapsprogram. Det har vore mykje å ta stilling til. Evy Bysheim Pedersen og kyrkjevevja sit i styret. I 2024 kom det ut to utgåver. Ei i august og ei i starten av desember. Neste utgåve er planlagt å kome før påske. Soknerådet ville evaluere det nye bladet etter eitt år. Styret ventar på ein kostnad av ein evt. Overgang til eit tjukkare papir enn avisformat. Årsmøte er satt opp 31.03.25 i Haus kyrkelydshus.

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek at deltakinga i det nye felles kyrkjebladet fortsett inntil vidare.

Sakshandsaming:

Dersom det kjem tilbod om mindre format og eit anna papirformat til lav kostnad, så er det ønskjeleg. Det er ønskje om å endre reglane for annonsefordelinga på årsmøte 31.mars. Kva er antall stemmeberettiga i sakene til årsmøte?

Vedtak:

Deltaking i felles kyrkjeblad fortsett til hausten, då saka kjem opp att, då med budsjett.

FELLES MENIGHETSBLAD for menighetene:

Biskopshavn, Eidsvåg, Salhus og Osterøy

Til menighetsrådene

Vi har nå gitt ut to utgaver av det nye menighetsbladet God Helg, og en tredje utgave kommer i løpet av våren – nærmere påske.

Det nye menighetsbladet er nå registret i Brønnøysundregisteret, og har fått eget Org.nr. Det er også bestilt egen bankkonto i Sparebanken Vest som skal være på plass om et par uker. (Menighetsbladets Org.nr. 933 623 203).

Det nye bladet har et annet format og er trykket på en annen type papir. Forandringer er alltid en utfordring, fordi vi må omstille oss, og kanskje gå ut av vår trygge vante komfortsone. Slik er det også med de valgene som ble tatt av styret med tanke på både format og type papir i det nye menighetsbladet. Alle valgene er tatt basert på økonomi, og mulighet for å i det hele tatt kunne gi ut et menighetsblad.

Vi er avhengig av inntekter om vi skal kunne gi ut menighetsblad. Menighetene har tidligere forpliktet seg til inndekning av drift av bladet det første året (3 utgaver), men er helt avhengig av salg av annonser og ev. gaver (bladpenger) til videre drift av bladet. I den forbindelse vil styret oppfordre menighetene om å sette menighetsbladet på sin offerliste, samtidig som menigheten blir gitt informasjon (f.eks. ved gudstjenestens kunngjøringer), om betydningen av gaver til bladet. Om det fremkommer sterke ønsker om endringer i bladets kvalitet og format er vi avhengig av å kunne dekke inn de da økte kostnadene dette vil medføre.

Styret ber menighetsrådene nå intensivere arbeidet med salg av annonser. (Se vedlagt informasjon som kan benyttes ved annonsesalg.) Det er viktig at det er en eller to personer som tar på seg oppgaven med å selge annonser.

Styret ønsker nå at menighetsrådene kommer med tilbakemelding til styret om hvordan man opplever de to utgavene av det nye menighetsbladet som nå foreligger.
Svaret sendes innen 7.februar til menighetsbladet:

e-postadresse: fmobes24@gmail.com

Med vennlig hilsen

Styret for felles menighetsblad.



DEN NORSKE KYRKJA ØSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	05/25
Arkivnummer	730

VAL AV TO NYE MEDLEMMAR TIL STYRET I HAUS KYRKJELYDSHUS

Tidlegare fellelrådsleiar, Roar Moen, og kyrkjevevja var i møte i Haus kyrkjelydshus seinhausten 2024. Då var det fleire av dei sitjande styremedlemmane i kyrkjelydshuset som ville trekkje seg. Tor Lone og Liv Rivenes sit i styret, men det manglar to medlemmar.

Det er utarbeida eit utleigereglement og eit forslag til reglar for styret som ligg som vedlegg til saka.

Sakshandsaming:

Utleigeprisen vert høyna frå 1.7.25 frå kr 2500-3000,- og frå kr 300,- til 400,-. Informasjon om prisen vert lagt ut på nettsida og Facebooksida til Osterøy sokn.

Forslag til vedtak:

Soknerådet utfordrar Magne Vikne og Otto Mo til å sitje i styret for Haus kyrkjelydshus.

Vedtak:

Magne Vikne og Otto Mo vart einstemmig vedteke.



OSTERØY SOKNERÅD

OSTERØY SOKN

LONEVÅG 16.01.25

REGLAR FOR STYRET FOR HAUS KYRKJELYDSHUS

OPPNEMNING:

Husstyret har fire medlemmer, oppnemnde av soknerådet.

Kvart medlem er oppnemnd for to år om gongen, men kan oppnemnast for nye periodar. For å koma inn i en rytme der ikkje alle står på val samstundes, blir to medlemmer oppnemnde for to år første gongen (2024 og 2025), medan dei resiterande to medlemmene blir oppnemnde for tre år (2025, 2026 og 2027). Husstyret som rapporterer til soknerådet, har fylgjande arbeidsoppgåver:

KONSTITUERING AV STYRET:

Husstyret konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og sekretær. Slike val gjeld for eitt år om gongen. Kasserar er Osterøy sokn.

REINHALD OG ORDEN:

* Det er ansatt ein person som vaskar huset 2 gonger i månaden. Ho er løna av Osterøy sokneråd.

*Sjekke at det er ryddig og fint inni huset ca 1 gong i månaden, og ute ved inngongspartia og på terrassen.

* Melde frå dersom de ser at det manglar vaskemidlar, vaskeutstyr og toalettpapir. (Wenche Rivenes Antun kjøper dette hjå Nor-Engros). Det er ønskjeleg at det vert handla inn miljømerka vaskemidlar, som til dømes Svanemerket.

UTLEIGE AV HUSET OG AV UTSTYR:

- Husstyret kjem med framlegg til utleigetakstar og endring av desse. Takstane blir vedtekne av soknerådet.
- Administrasjonen på kyrkjekontoret tek seg av all utleige, fører oversikt, informerer dei som skal leige om leigeprisar, plikter og ansvar, og sender rekning til leigetakarar.
- Administrasjonen på kyrkjekontoret gjennomgår tilstrekkelig opplæring til leigetakar og har utarbeida eit utleigereglement som leigetakar signerer. Det er ikkje tilatt med nytting av alkohol.

INVESTERINGAR OG VEDLIKEHALD:

*Soknerådet disponerer leigeinntektene som kjem av utleige av kyrkjelydshuset. Leigeinntektene skal brukas til løpande utgifter ved drifta av huset, fornying av utstyr, og til vedlikehald og mindre reparasjonar. Når husstyret meiner det er behov for investeringar og påkostnader utover det som leigeinntektene dekkjer, må saka takast opp med soknerådet.

* Husstyret og administrasjonen sørgjer saman for å setja i verk det som soknerådet vedtek om investering og vedlikehald.

NØKLAR:

- Administrasjonen på kyrjekontoret skal ha oversikt over kven som har nøklar og ordna med kvittering.
- ØKONOMI: Osterøy sokneråd skal ha oversikt over økonomi og rekneskap over utgifter til huset.



OSTERØY SOKN

UTLEIGEINNSTRUKS FOR HAUS KYRKJELYDSHUS

Nøklar:

Nøklar vert levert ut ved omvisning av lokale nokre dagar innan utleigedato. Dei må leverast på kyrkjekontoret i Lonevågen 5, 3.etasje første kvardag etter utleige. Sjekk nøye at alle dørar er låste når du forlet huset.

Pris:

Det kostar kr 2500,- ved utleige til dåp, konfirmasjon, runde dagar og minnesamvær. Ved utleige kun nokre timar kr 300,-. Leigeprisen inkluderer vask før og etter utleigedato.

Lydanlegg og nettverk:

Det er styring av lyd og nettverk bak i salen (skap på veggen mot kjøkkenet). Der er også brytarar til mikrofon, prosjektor og lerret. I skapet finn du også kobling til pc. Kobling til nettverk er via «Ice» boks i vindaug.

Gassovn:

For å bruka gassovnen må du først slå på eigen kvit brytar ovanfor gassovnen. I skuffene i kjøkkenet finn du gasslister. Ved bruk av gassbluss trykk brytaren litt inn mot venstre, så trykk den litt til og tenn så på gassen. Då vil du sjå eit lite blått bluss. Deretter kan du skru den opp til større bluss for koking/steiking. NB! Hugs å slå av brytaren på veggen når du er ferdig!

Oppvaskemaskin:

Det er automatisk tilkobling av vaskemiddel til oppvaskemaskina. For påsetjing og tømning sjå eigen framgangsmåte ved maskina. Det er nødvendig å spyla av skitne koppar og fat innan du set det i maskina.

Reinhald:

Vask av bordene og mopp over golvene. Tøm bosset. Det er ein bossdunk til venstre ved inngongsporten ved kyrkje.

Dersom du lurar på noko ring:

Toril Margrete Nelson tlf: 48 09 11 13.
Eller Linda Gripsgård Lunga tlf: 90 60 48 90.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	06/25
Arkivnummer	210

UTLYSNING AV KANTORSTILLINGA

Den 22.10.24 leverte Ivar Mæland inn skriftlig oppseiing frå si stilling som kantor på Osterøy. Ivar har vore ansatt på pensjonistvilkår sidan oktober 2020. Ivar har fungert godt i stillinga på alle vis. Han har gjennomført eit stort antall gudstenester, gravferder, vigsler, konsertar og vore ei drivande kraft i begge kyrkjejubilea i 2024. Det er med vemod vi no må sjå oss om etter ein ny kantor, men forstår Ivar si avgjersle om å ikkje lenger ha ei fast ansetjing.

Vedlagt er oppseiinga og forslag til utlysningstekst for kantor-/organiststilling i 50% fast stilling.

Soknerådet/Administrasjonsutvalet må fastsetje tidspunkt for utlysning og tilsetjingsdato.

Forslag til vedtak:

Soknerådet takkar Ivar Mæland for godt gjennomført arbeid og vel å lyse ut stillinga som kantor/organist for å imøtesjå fleire søkjarar i ei 50% stilling.

Vedtak:

Soknerådet ber kyrkjeverja lyse ut stillinga som kantor-/organist i 50% fast stilling.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Ledig kantor-/organiststilling, 50 % fast

Osterøy er ein kommune med vel 8000 innbyggjarar og ligg vel 45 minutt køyring frå Bergen. Vi har fem kyrkjer og kantor gjer teneste i alle, men fortrinnsvis i Haus, Bruvik og Gjerstad kyrkje.

Vi høyrer inn under Åsane prosti og har kyrkjekontor i Lonevåg. Her finn ein ein prest og for tida ein prostiprest, kantor og organist, trusmedarbeidar (trusopplærar), konfirmanthøgskule, konsulent og kyrkjevevjer. Kvar kyrkje har ein kyrkjetenar og soknerådet har 2-3 tilsette på gravplassfeltet.

I arbeid med gudsteneste og kyrkjelege handlingar er kantoren den næraste samarbeidspartnaren til prestane. Det er ønskjeleg at kantoren har brei musikalsk kompetanse for å leie kyrkjelydane i salmesong og lovsong, både gjennom tradisjonelle og moderne, yngre musikkuttrykk. Samspel med frivillige krefter er avgjerande i dette. Osterøy er ein stad med eit uvanleg sterkt korpsmiljø og folkemusikkmiljø. Her er alle moglegheiter til å byggja bru til folket og bygdene, gjennom musikk og andre kulturuttrykk.

Kantoren er også ein viktig ressurs for trusmedarbeidaren i sitt arbeid med barn og ungdom.

Gjerstad kyrkje har eit 17-stemmers Paul Ott-orgel frå 1977. Haus kyrkje har eit romantisk orgel med 12 stemmer, levert av Heggen og Ivers i 1930. Bruvik kyrkje har eit 8-stemmers orgel bygd av G. F. Husted i 1994. Hosanger kyrkje har eit romantisk 6-stemmers Olsen & Jørgensen-orgel frå 1899. I Hamre kyrkje står eit barokk-orgel bygd av Gebr. Reil frå 1990 med 13 stemmer. Alle kyrkjene har piano, Hamre har eit særst godt, nytt Yamaha-piano.

Arbeidsoppgåver

- Gjere teneste ved gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Speling på sjukeheimsandaktar og i trusopplæring.
- Kyrkja disponerer ein organist i 70% stilling. Den som blir tilsett har stor påverknad på innhald og arbeidsdeling i stillinga.
- Tilsyn med kyrkjene sine orgel.

Kvalifikasjonar

- Vi viser til «Kvalifikasjonskrav og tenesteordning for kantorer» fastsett av Kyrkjemøtet og «Plan for kyrkjemusikk for Den norske kyrkja».
- Meistre godt norsk, skriftleg og munnleg.
- Kan bli kalla inn til prøvespeling.

Osterøy sokn
Lonevågen
5282 Lonevåg

Tlf.: 56 97 88 30
post.osteroy@kyrkja.no
www.osteroy.kyrkja.no

Org.nr. 976 995 341
Bank: 3626.51.73726

Personlege eigenskapar

- Evne til å inspirere og skape song- og musikkglede.
- Evne og vilje til både å arbeide sjølvstendig og i team med stab, frivillige og musikalske aktørar .
- Evne til å ta initiativ og å fremja kyrkja si plass i lokalsamfunnet
- Evne til å vere løysingsorientert, kreativ og fleksibel

Vi tilbyr

- Godt kollegialt samarbeidsklima og fellesskap
- Spanande og varierte arbeidsoppgåver i tradisjonsrike kyrkjer
- Høve til å profilere seg som muskar
- Høve til sjølv å påverke eigen arbeidssituasjon
- Løn etter regulativ i KA
- Pensjons- og forsikringsordninger i KLP

Anna

- Den som blir tilsett må vere medlem i Den norske kyrkja
- Den som blir tilsett må legge fram politiattest
- Stillinga er ledig frå 1.08.2025.
- Les meir om oss på www.osteroy.kyrkja.no
- Søknad på e-post til: post.osteroy@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Linda Gripsgård Lunga, kyrkjevevje. Tlf. 56978830/90604890

Arbeidsstad

Lonevågen 5, 5282 Lonevåg

Nøkkelinformasjon:

Arbeidsgjevar: Osterøy sokneråd

Stillingsprosent: 50 %, fast.

Søknadsfrist: 1.03.2025



DEN NORSKE KYRKJA ØSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	07/25
Arkivnummer	710

OVNAR I HOSANGER KYRKJE

Etter utført el-kontroll av firmaet Thunestvedt i oktober vart det oppdaga at ovnene under benkane framme i koret var for varme. Dei kan anten stå på eller av. Dei vart difor slått av. No vinterstid viser det seg at det blir vanskelig å få varma opp kyrkja til behagelig innetemperatur, særleg for ansatte.

Thunestvedt seier at benkane kan flyttast litt bort frå ovnane og setjast fast i påvente på å byta dei ut i nye.

Forslag til vedtak:

Kyrkjevevja tek kontakt med snikkar og ber han setje fast benkane i avstand får ovnane og at dei står på framover, som ein overgong til nye ovnar har komen på plass. Kyrkjevevja ber om pris på nye ovnar i koret.

Vedtak:

Saka vert utsatt til prisar på nye ovnar ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	01/25
Arkivnummer	500

OPPLÆRING FRÅ ANINE I «KYRKJA VÅR»

I oktober hadde vi besøk frå Anine Vieth Mildestvedt frå Bjørgvin bispedøme der vi starta opp med litt opplæring i verktøyet «Kyrkja vår». Det vart avtalt at ho skulle koma tilbake og fortsetje med opplæringa. Vi har invitert ho til dette møte.

Vedtak: Utsatt til neste møte p.g.a sjukdom.



DEN NORSKE KYRKJA ØSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.25
Saksnummer	02/25
Arkivnummer	712

HAUS KYRKJE SOM «KULTURKYRKJE»

Vedlagt er eit skriv frå Ivar Mæland i samsvar med Madli Hannisdal om ønskje at Haus kyrkje vert ei «kulturkyrkje» og i den forbindelse har som mål å kjøpa eit flygel. Innsamla midler frå tida som Haus sokneråd er tenkt som oppstart til innsamlinga til eit framtidig kjøp av flygel.

Saka er i utgangspunktet todelt, ønskje om Haus som «kulturkyrkje» og innkjøp av eit flygel, men sakene heng saman så kjem difor som ei soknerådssak.

Sakshandsaming:

Ivar Mæland og Trent Bruner informerte om gode lydforhold i Haus kyrkje og at kyrkja difor er eigna til akustisk musikk i større format. Haus kyrkje kan difor bli sett på som ei «kulturkyrkje». Det er ei støttegruppe som vil starte opp med ei innsamling til eit nytt flygel. Oppstartsmidler på kr 25 000,- som startkapital vert satt av til dette formålet.

Vedtak:

Prosessen med Haus som «kulturkyrkje» har starta. Støttegruppa set i gong innsamlinga til eit nytt flygel.



DEN NORSKE KYRKJA OSTERØY SOKNERÅD

Dato	23.01.2025
Saksnummer	03/25
Arkivnummer	414

ORIENTERINGSSAKER

* Kyrkjevevja oppdaga at det var mykje pengar på skattetrekkkontoen innan jul og meldte det inn til rekneskapskontoret. Det viste seg at dei hadde trekt skatten frå driftskontoen og ikkje frå skattetrekkkontoen. Det vart i desember overført kr 390 000,- tilbake til driftskontoen. Dette har ikkje noko å se for budsjettet, men kontoen steig.

*Thunestvedt hadde el-kontroll på alle kyrkjene i oktober og held no i januar på med oppretting av feila.

*Prostiprest Kjetil Austad Endal har fått jobb som sjukehusprest frå 1.mars. Vi får ein vikar fram til 15.juni: Jan Sverre Stray. Kapellanstillinga vert lyst ut igjen til våren.

Nye opplysninger ifht utlysning av kapellanstillinga: Det er utlysningsstopp vårhalvåret p.g.a den dårlige økonomien hos Bjørgvin bispedøme. Dersom vi har heilt konkrete søkjarar kan det verte ei opning for at den likevel kan lysast ut.

*Vi har levert inn ny søknad til Bevaringsprogrammet om støtte til ledlys i Hamre kyrkje. Det svaret har vi ikkje mottatt enno. I påvente av det har eg søkt Bjørgvin bispedøme om å få bruke kr 120 000,- av kyrkjefondkonto til dette. Utover tilbod frå Thunestvedt er eg i kontakt med ein lokal elektrikar og ventar på tilbod frå han.

Soknerådet vil avvente svar frå Bevaringsprogrammet til i mars. Bjørgvin bispedøme meiner vi kan søkje Osterøy kommune om å betale for deler av utgiftene til nye ledlys, i stadenfor å bruke av kyrkjefondkontoen. Den skal ikkje brukast til slike formål, seier Jens Meyer. Saka kjem opp igjen på soknerådsmøte i slutten av mars.

*Soknerådsmøte den 12. Juni vert flytta til 19.juni.

*Roar og Astrid Marie orienterte om arbeid med ei fornying av gudstenesteforordninga der det er behov. Dette skjer i tre fasar:

Første fase: Kartlegging av det som no er gudstenestetil og rytme. (Februar 2025)

Andre fase: Samtale om gudstenestelivet i kyrkjelydane. (2025)

Tredje fase: Gudstenesteressursar, presteressursar og forordning. (2025-2026)